

Stemneplassen har framleis ein viktig funksjon

02.04.2007



Stemneplassen er framleis liv laga og er samstundes eit fint parkområde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Stemneplassen har vorte mindre aktuell som arena for diverse stemner og arrangement etter at Aktivitetshuset kom. Når veret er utrygt, er det enkelt å ty inn framfor å satsa på ei tilstelning ute. Slik var det til dømes i samband med 17.mai-feiringa i fjor. Men stemneplassen har framleis ein viktig funksjon i bygda.

Det held Tormod Myklebust fram. Nyleg takka han av etter to år som leiar for Uskedalen Friluftslag, som har ansvaret for plassen.

Myklebust peikar på at få bygder har ein så sentral og samtidig godt avskjerma stemneplass. Den er også solvendt, har naturleg amfi og god scene med scenebygg.

Gjennom åra har den rundt 40 år gamle plassen vore arena til dømes for landsstemna i Norges Ungdomslag og fleire misjonsstemner.



Tormod Myklebust tar takka av som leiar i friluftslaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det omkring 12 dekar store området som Wilhelm Bjelland ga til laga i Uskedalen går heilt opp til toppen av Skårhaug. Det er laga som eig stemneplassen og som kvar skal stilla med to representantar i årsmøtet. Men i dei siste åra har ikkje eingong halvparten av dei vore representert.

I de seinare år har plassen vore nytta nesten berre til det tradisjonelle Jonsok-arrangementet, som i prinsippet skulle gå på omgang mellom laga.

Diverre har stadig fleire reservert seg mot å stå for arrangementet, på grunn av manglande kapasitet. Dei siste åra har difor styret stått for Jonsokmarkeringa sjølv. Sist Jonsok var det godt oppmøte og god stemning sjølv om veret ikkje var det aller beste.



Scenebygget kan nyttast til møter og andre samkomer. Måndag kveld har til dømes båtlaget årsmøtet sitt der. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Scenebygget har siste året vore svært lite nytta til møte eller anna utleige, men utleiga til Uskedalen Oppvekstsenter av plass for utebarnehage gjev sikre og gode inntekter til friluftslaget. Leigeinntektene i fjor var 28.639 kroner og inntektene samla 34 328 medan utgiftene var 17078 kroner. No ved årsskiftet hadde laget 85112 kroner i banken.

Saman med Myklebust gjekk Elin Enes ut av styret og dei to vart erstatta av Kari Ljosnes og Hilde Steinsvik. Frå før sit Åse Myklebust, Inger Anne Leite og Bjarte Døssland i styret. Under årsmøtet var ikkje nokon av styremedlemmene viljuge til å overta leiarvervet og styret skal no konstituera seg sjølv.

- Dette er eit verdfullt parkområde som er velegna til bruk for til dømes båt-turistar. Ein tur til topps på Skårhaug, der det er lagt til rette med benkar, er ein fin utflykt med fin utsikt sjølv om det kunne ryddast opp litt meir i vegetasjonen rundt, seier Tormod Myklebust.

Han strekar under at stemneplassen står gratis til disposisjon for alle lag og nemner at Røysterrett for alle har arkivet sitt i scenebygget.

Når sommaren nærmer seg er det dugnad på plassen og Myklebust håpar på godt frammøte.

Av Ola Matti Mathisen